



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
21.04.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/3785 632.3
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland

Utlysing av tilskot symjeopplæring for nyankomne minoritetsspråkleg elevar

Kommunane kan søkje til Fylkesmannen om tilskot til symjeopplæring for nyankomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne som er omfatta av grunnskuleopplæringa.

Mange nyankomne minoritetsspråklige elevar har ikkje gjennomført symjeopplæring og gruppa er overrepresentert i ulykker på grunn av manglande symjedugleik. Departementet har difor sett av 10 millionar kroner for å stimulere kommunane til ekstra innsats for å gje nyankomne minoritetsspråklige elevar symjeopplæring. Hordaland har motteke kr 833 000 til fordeling til kommunar etter søknad. Kommunen kan søkje om inntil kr 1500 for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv.

Mål for ordninga

Målet for tilskotet til symjeopplæring er å redusere risikoen for ulykker i samband med bading og å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen. I læreplanane er det eit mål at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

Kven kan søkje

Det er berre kommunar med nyankomne minoritetsspråklige elevar som kan søkje midlar. Hovudmålgruppa for ordninga er nyankomne minoritetsspråklige barn, unge og vaksne som er omfatta av grunnskuleopplæringa. Dersom kommunen ser at det fins andre elevar som ikkje kan symje eller har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også desse ta del i symjeopplæringa. Desse skal i så fall ikkje takast med i søknaden.

Følgjande skal leggjast til grunn

Søknader som beskriv eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar og korleis dette kan etablerast/vidareførast, vil bli prioritert dersom fleire står likt. Dersom kommunar ønskjer å samarbeide om å etablere ordningar, kan dette gjerast. Det er viktig at jenter og gutar får eit

likeverdig tilbod.

Symjeopplæringa kan gjevast i løpet av skuletida eller etter skuletid. Kommunane vel sjøve korleis opplæringa skal organiserast og leggjast opp.

Søknadsskjema er lagt ut i menyen til høgre. **Søknadsfrist 1.juni 2016.**

Søknaden skal sendast Fylkesmannen i Hordaland. E-post-adresse:

fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Toril Tysseland
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.